

Høyringsuttale- Utkast til standard for tenestebasert adressering del 3

Ny standard for tenestebasert adressering er viktig for å gjere elektronisk meldingsutveksling effektiv og sikker. I tidlegare standard var det to tenestetypar som kunne nyttast for å spesifisere tenesteområde fysioterapi i kommunene:

- Fysioterapi pleie og omsorg
- Fysioterapi helsestasjon

Kommunale fysioterapeutar jobbar opp mot alle brukargrupper frå 0-100 år +. Mange av våre pasientar høyrer korkje heime i pleie og omsorg eller helsestasjon. Tenesta har mellom anna pasientgrupper både innan førebyggjande og kurativ verksemd. Risikoen for feiladressering ved elektronisk meldingsutveksling var stor ved å lage to adresser til kommunal fysioterapi som ikkje var fulldekkande. Vi vil på bakgrunn av dette hevde at tidlegare standard for tenestebasert adressering IKKJE var dekkande for drift og god meldingsutveksling i kommunal fysioterapiteneste.

Ny standard for tenestebasert adressering er difor viktig og naudsynt slik vi ser det. Slik vi les det nye utkastet, ligg kommunal fysioterapi under felles tenestetypar 8666. Vi ser det som positivt at vi no får ei adresse for fysioterapi. Det er og føremålsteneleg å tenke at Frisklivssentralen som teneste ligg under felles tenestekode 8666, med tanke på det ein Frisklivssentralen skal romme og dei samarbeidspartane den har.

Fysioterapitenesta i Volda, ilag med dei sju kommunene på Søre Sunnmøre, har over lengre tid jobba for å få funksjonelle journalsystem som er tilpassa vår arbeidskvardag som kommunefysioterapeutar. Gjennom lang erfaring ser vi at dei store PLO-programma som mellom anna Geric og Profil ikkje dekker dei faglege områda som vi treng å nytte eit journalsystem opp mot. Volda kommune har gjennom fleire år hatt to journalsystem, Extensor(primærdrift) og Geric(tværfagleg samarbeid/rehabilitering) og ønsker å halde på denne ordninga i tida framover. Extensor kan koplast til Norsk Helsenett og har mellom anna god funksjonalitet i forhold til innrapportering av eigenandel til Helfo og gode løysingar i forhold til dagleg drift. Det er difor med stor frustrasjon vi opplever at sentrale myndigheiter og KS ikkje ser nytteverdien av å legge til rette for ein funksjonell arbeidskvardag for kommunale fysioterapeutar. Vi ønsker å nytte tida og fagkunnskapen vår ut mot den einskilde bruker og ikkje på byråkrati og tungvinte administrative løysingar. Fysioterapitenesta i Ørsta kommune har også over lang tid jobba for å få to journalsystem i forhold til funksjonell drift.

Kommunal fysioterapiteneste gir tenester til ei stor brukargruppe som ikkje er tilhøyrande i korkje i pleie- og omsorg eller helsestasjonsverksemd. Dette gjeld pasientgrupper både innan førebyggjande og kurativ verksemd. Det er heilt naudsynt med eit journalprogram som stettar dokumentering og fagleg effektivisering i kvardagen opp mot alle funksjonar og brukargrupper. Andre faggrupper med journalplikt har sine eigna fagprogram - helsestasjon har helsestasjonsprogram, legar har legeprogram, pleie- og omsorg har pleieprogram. Forventningane våre i forhold til kodeverket for tenestebasert adressering er at kodeverket ikkje må hindre at ulike faggrupper kan nytte eigna fagprogram. Sjølv om den overordna

visjonen er *en innbygger-en journal*, veit vi at dette er langt opp og fram. Det må vere lov å ta i bruk smarte løysingar på veg fram til målet. Ein ineffektiv arbeidskvardag gagnar ingen.

Mvh

Randi Heltne Alfsvåg
Fagansvarleg fysio-ergoterapitenesta i Volda kommune

Ragnhild Svensli
Einingsleiar ergo, fysio og friskliv i Ørsta kommune

Mona Helen Kile
Einingsleiar førebygging, rehabilitering og legeteneste i Volda kommune